

# Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2022

## Medisinsk klinikk

Leiinga sin gjennomgang i Medisinsk klinikk skal gjennomførast for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føreskrifter, og i kontinuerleg forbetring.

Gjennomgangen syner status på desse tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet:
  - a. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
  - b. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i klinikken med tiltak innanfor
  - a. Kvalitet og pasienttryggleik
  - b. Medarbeidardimensjonen
  - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Klinikkdirktør si vurdering

### **1. Status med oppdrag i styringsdokumentet**

- a. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Det pågår kontinuerleg arbeid for å auke tal pasientar som får tilbod om deltaking i kliniske behandlingsstudier, og dette gjeld særleg i kreftavdelinga. Elles pågår ulike prosjekt innan forskning, innovasjon og kvalitetsforbetring.

- b. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Fleire avdelingar stabiliserte ventetider og reduserte tal fristbrot gjennom tredje tertial 2022. Nokre avdelingar fekk også til å redusere gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar. Medisinsk klinikk vurderer at trenden samla sett har snudd, og at vi arbeider oss mot lågare ventetider. Det vil ta tid å hente inn etterslep etter tidlegare periodar med låg kapasitet. Avdelingane arbeider aktivt for å nytte all kapasitet og prioriterer løpande. Kapasitetsutfordringar gjer seg likevel framleis gjeldande for nokre fagområde.

## 2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar

Indikatoravle Medisinsk klinikk 3. tertial 2022				
Indikator	Mål	Status	Førre tertial	Utdjuping indikator:
Gjennomsnittleg ventetid behandla, se	53 dagar	● 68 dagar	60	Gjennomsnittstal siste tertial
Overhalding av pasientavtalane	95 %	● 83 %	79	Prosent overhaldne avtalar
Breisppektra antibiotika	-30 %	● -36 %	-39	Reduksjon siste tertial i høve til 2012
Epikriser somatikk innan ein dag	70 %	● 69 %	73	Prosentvis epikriser sendt innan ein dag siste tertial
Pakkeforløp kreft	70 %	● 60 %	65	Prosentdel gjennomført innan standard tid siste tertial
Korridorpatientar	Ingen	● 0,6 %	1,3	Prosentvis korridorpatientar siste tertial
Fristbrot	Ingen	● 532 fristbrot	709	Tal NYE fristbrot siste tertial
Digitale helsetenester	15 %	● 12 %	12	Prosent digitale konsultasjonar siste tertial
Tryggleiksklima	75 %	● 83 %	83	Tal einingar med godt tryggleiksklima
Sjukefråvær	5,50 %	● 7,3 %	7,7	Sjukefråvær siste fire månader, alle interne ansatte
Økonomisk resultat	>Budsjet	● -79 mill. kroner	-51	Økonomisk resultat i høve til budsjett til no i år
Økonomisk resultat, tertialet	>Budsjet	● -28 mill. kroner	-28	Økonomisk resultat i høve til budsjett siste tertial

Nr. 1: Samla gjennomsnittleg ventetid: Ligg over målsettinga, men fleire avdelingar har no ei betre utvikling.

Nr. 2: Når ikkje målet for å overhalde pasientavtalar, men fleire pasientar fekk tildelt direkte time i tredje tertial enn tidlegare. Det er særleg sjukefråvær som gjer at pasientkonsultasjonar må replanleggast.

Nr. 3: Klinikken har gode resultat i høve reduksjon i bruk av breisppektra antibiotika.

Nr. 4: Klinikken er nær målet i høve utsending av epikriser innan 1 dag.

Nr. 5.: Ein når ikkje målet for pakkeforløp kreft samla, skuldast utfordringar i nokre spesifikke forløp.

Nr. 6: Fristbrot: Mange fristbrot også i tredje tertial, men avtakande mot slutten av perioden. Fagområde: nevrologi, hud og indremedisin.

Nr. 7: Stabilt lågt tal korridorpatientar.

Nr. 8: Klinikken er godt nøgd med utviklinga, nådde 12 prosent digitale konsultasjonar i perioden. Vi ser gradvis aukande tal og andel digitale konsultasjonar, og har fleire pågåande satsingar.

Nr. 12: Tryggleiksklima: Medisinsk klinikk når målet og har godt tryggleiksklima.

Nr 13: Sjukefråvær: Høgt i perioden. Har medført høgare belastning på tilsette (ekstravakter m.m.).

## 3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse

Også i tredje tertial har nokre avdelingar hatt ressursmangel p.g.a. vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Det gjeld legar, bioingeniørar og sjukepleiarar.

Ressursmanglar medførte auka kostnader (vikarinnleige m.m.), auka belastning på andre tilsette og redusert kontinuitet. Det vert arbeidd kontinuerleg med rekruttering.

## 4. Dei største risikoane i klinikken med tiltak innanfor

### a) Kvalitet og pasienttryggleik

#### i. Vurdering av risiko:

- Lang ventetid og eit høgt tal fristbrot i perioden, men betring samla sett ved utgang tredje tertial.
- Etterslep kontrollar.
- Manglande integrasjon mellom kliniske IKT-system gir auka risiko for feil.

ii. Tiltak:

- Vedvarande arbeid for rekruttering.
- Deltaking i ulike delprosjekt for legerekuttering
- Ivaretaking av informasjonsbehov og pasientrettar.
- To avdelingar har nytta «fritt behandlingsval»-ordninga: Hud og nevrologi.
- Oppgradering av IKT-system for cytostatika i nov. har redusert risiko for feil.
- Høgt fokus på hendingsanalysar etter uheldige hendingar i klinikken.

**b) Medarbeidardimensjonen (Rekruttering, sjukefråvær, HMS)**

i. Vurdering av risiko:

Slitasje over tid på ulike personellgrupper. Luftvegssesongen skapte ny topp i sjukefråveret i desember.

ii. Tiltak:

- Oppfølging etter Forbetringsundersøkinga med HMS-plan og tiltak på alle nivå.
- Iverksetting av tiltak knytt til bemanningsprosjekt i medisinsk avdeling sine sengepostar ved FSS.
- Vidare arbeid med legerekutteringsprosjektet på føretaksnivå.

**c) Økonomi**

i. Vurdering av risiko: Høg. For høg styringsfart i høve budsjett 2023.

- Den medisinske utviklinga (nye medikament, teknologi m.v.) i kombinasjon med prisstigning medførte kostnadsauke og meirforbruk innan dei store varekost-områda i medisinsk klinikk. Ved årsslutt var meirforbruket i høve budsjett for behandlingshjelpemiddel 9.7 mill., kreftmedikament 2 mill. og H-resept 5.2 mill.. Også øvrige varekostnadar steig monaleg, t.d. varekostnadar knytt til drift radiologi og laboratoria.
- Koronakostnadar vart samla 13.1 mill. i 2022, men låg på om lag 0.3 mill. per måned i tredje tertial.
- Samla inntektssvikt 2022: 18 mill.
- Løn: Meirforbruk på løn, særleg variabel løn 2.5-3 mill./månad i tredje tertial. Skuldast sjukefråvær, vakansar m.m.

ii. Tiltak:

- Budsjettprosess for 2023 ferdigstilt i perioden. Fleire avdelingar har tiltak på personalområdet, t.d. dialysen kor tal pasientar går

ned, men også i sengepostar kor gjennomsnittleg belegg er redusert i høve tidlegare.

- Systematisk arbeid med legemiddeløkonomi, oppfølging av innkjøpsavtalar m.v., dette i samarbeid med Sjukehusapoteket og økonomiavdelinga.
- Rekrutteringsarbeid.
- Gjennomgangar bemanningsplanar med omsyn til oppgåvegliding, best mogleg tilpassing til aktivitet m.v..

Risikomatrise						
		Konsekvens				
		Ubetydeleg (1)	Låg (2)	Moderat (3)	Alvorleg (4)	Svært alv./kritisk (5)
Sannsynlegheit	Svært stor (5)				C	
	Stor (4)			B		
	Moderat (3)			A		
	Liten (2)					
	Svært liten (1)					

## 2. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod

Klinikken har – eller deltek i - fleire pågåande utviklingsarbeid. Det er særleg fokus på OU-prosjekta knytt til Nye Førde sjukehus:

- a. Utviklingsprosjekt sengepostar/hotell. Utviklingsprosjekt habilitering /rehabilitering.
- b. Digitalisering av helsetenester og planlegging av brukarstyrte poliklinikkar.
- c. Utviklingsprosjekt for laboratoria.

## 3. Klinikkdirektør si vurdering

Medisinsk klinikk leverer på fleire område gode resultat. Pasientbehandlinga for dei fleste fagområda går godt. Avdelingane har fokus på kvalitetsforbetring, utvikling og effektivisering.

Også tredje tertial har vore prega av driftsmessige utfordringar knytt til sjukefråver og vakante stillingar. Klinikken vil berømme både leiarar og tilsette for god innsats.

Nokre avdelingar har framleis ein krevjande situasjon m.o.t. ventetider, fristbrot og etterslep for kontrollar. Det vil ta tid å hente seg inn, men det er positivt at dei fleste opplever betring i situasjonen.

Ein stor risiko er manglande rekruttering og vakante stillingar, og dette gjeld innanfor kapasitet/pasienttilbod, HMS og økonomi.

Økonomi: Høg risiko inn mot 2023. Medisinsk klinikk har over år sett stadig auke i varekostnad til m.a. medikament og behandlingshjelpemiddel, men høg prisstigning har ytterlegare forverra biletet i tredje tertial. Også innan lønsområdet har klinikken høg risiko for vedvarande meirforbruk.